


Bestilling av Bolk-utdrag i Bolk

Bolk på 1–2–3

Sjå kort introduksjonsfilm frå Bolk: <https://youtu.be/S5V4SKJaUOE>


Opprette kompendium i Bolk

Frå startside klikkar du på «Lag kompendium»:



The screenshot shows the Bolk website interface. At the top left is the logo ':bolk' with the tagline 'klart av Kopjnor'. On the top right, it says 'Innlogget: bentegl@hivolda.no' with links for 'Logg ut' and 'Innstillinger'. Below this is a navigation menu with 'Mine kompendier', 'Min Bokhyll', 'Innboks', 'Egen organisasjon', and 'Brukerstøtte'. The main content area is titled 'Søk' and contains a search bar with the placeholder 'Søk etter innhold'. To the right of the search bar is a 'Søk' button and a 'Lag kompendium' button with a right arrow. Below the search bar, there is a 'Søketips' section with the text 'Skriv tittel, ISBN, stikkord, emne eller forfatter' and a 'Søk i:' section with radio buttons for 'Bøker og tidsskrifter' (selected), 'Kompendier', and 'Artikler'.

Fyll ut alle felte i skjemaet som kjem opp. Etterpå: «Neste»:



The screenshot shows the 'Angi kursinformasjon' form. It contains the following fields and elements:

- 'Velg enhet:' dropdown menu with 'Velg enhet' selected and a red note 'Vennligst velg en enhet'.
- 'Tittel på kompendium:' text input field.
- 'Emnekode:' text input field with a yellow highlight.
- A note: 'Begynn å skrive en emnekode, og en liste over foreslåtte kurs vil vises. Det anbefales å velge en emnekode fra listen.'
- 'Emne:' text input field.
- 'Kursleder/foreleser:' text input field.
- 'Estimert ant. studenter:' text input field with '0' entered.
- 'Semester:' dropdown menu with '2024-H' selected.
- 'Semesterstart:' text input field with a calendar icon.
- 'Semesterslutt:' text input field with a calendar icon.

- *Tittel på kompendium:* Bruk emnekode og namn, t.d. BLUNHR Natur, helse og rørsle
- *Emnekode:* Du får opp HVOs emnekoder når du skriv inn ein bokstav
- *Estimert ant. studenter:* Treng ikkje vere heilt nøyaktig, men så presist som mogleg.

Registrere innhald

Søk etter bok. Det beste er å søke på same ISBN som står i pensumlista. Alternativt: Søk på ein kombinasjon av hovudtittel og/eller år/forfattar.

Når du får treff vil det sjå ut slik – her ser du også at Bolk kan levere pdf:

Søkeresultater

Søket på "978-82-450-2428-9" ga 1 treff:

Sortér etter: Relevans

[Grønn markedsføringsledelse \(2019\)](#) Forfattere: Arne Nygaard
ISBN: 9788245024289 Forlag: Vigmostad & Bjørke AS

PDF  [Legg i bokhylle](#)

Klikk på tittel du vil bruke. I neste steg må du skrive inn sidetala du skal bruke. I utgangspunktet har du lov til å bruke 15 % av ei bok.

Moglege problem/stopp i arbeidsflyten:

- **Utdrag over 15 %:** Då må du bestille ekstra klarering. Er utdraget litt over grensa, går det som regel greitt. Du får tilbakemelding frå Bolk når dette er godkjent. Utdrag over 15 % vil medføre ein ekstra kostnad, og det går automatisk ei melding til avdelinga om godkjenning. Sjølv klareringa har ein fast pris på ca. 126 kr.
- **Ingen søketreff:** Viss det er ein heilt ny tittel eller ei utanlandsk bok, kan det vere at den ikkje har kome inn i Bolk. Du vil få opp ein knapp til høgre: «Bestilling av manuelt litteratursøk». Bolk vil då prøve å finne tittelen for deg. Dette skal ta maksimum tre arbeidsdagar.
- **Inga innhaldsfil:** Det kan vere at Bolk ikkje kan levere pdf. I slike tilfelle står det nedanfor at du kan be Bolk skaffe innhaldsfil – og at dette kan ta opptil 14 dagar. Dersom det er ei ganske ny, norsk bok, vil dette truleg gå greitt. For eldre bøker er det ikkje sikkert Bolk klarar å skaffe fil. Alternativet er då at du sjølv skannar kapittelet og lastar opp i Canvas saman med dei andre filene frå Bolk.

Avslutte bestilling

Når du har lagt inn alt innhald, trykkjer du på «Neste», og du kjem no til del 3: «Se gjennom og bestill». Vil du sjekke detaljar i bestillinga, kan du klikke på «Forhåndsvis».

Du kan velje om alt skal leverast som ei fil eller som enkeltfiler:

Antall sider: 405  Estir

Kompendiefil Hvert utdrag levert som enkeltfil

[Endre innhold](#) [Forhåndsvis](#)

Når filene er klare, får du e-post frå Bolk, og så må du sjølv laste dei opp i Canvas.